



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2011

Fylkesrådet for funksjonshemma



Årsmelding 2011 – Fylkesrådet for funksjonshemma.

Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane er eit rådgjevande organ for fylkeskommunale, fylkesstatlege og kommunane i saker som vedkjem dei funksjonshemma. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar vert følgde opp.

Rådet kan også på eige initiativ ta opp saker som er viktig for funksjonshemma.

Overordna målsetjingar:

- Fremja likestilling på alle samfunnsmiljøet
- Leggja til rette for aktiv deltaking i samfunnslivet
- Ivareta og vidareutvikla funksjonshemma sine rettar
- Fremja desentraliserte, integrerte og koordinerte tenester.

Lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne vart vedteken av Stortinget 17. juni 2005 med verknad frå 01.01.2008. Etter denne lova skal alle kommunar og fylkeskommunar ha eit råd eller annan representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

Samansetjing av rådet:

Margreta Nexelsaker leiar/politikar
Vara: Solve Fretheim Steig

Gunnvor A. Sunde nestleiar/politikar
Vara: Norunn Lunde Furnes

Alfred Brusegard FFO
Vara: Dag Audun Strand

Solfrid Lillebø FFO
Vara: Erling Sagen

Geir Liavåg Strand FFO
Vara: Synnøve S. Engen

Britt Marie Norheim er tilsett som fylkessekretær/rådgjevar i 50% stilling. Fylkessekretæren er budsjettansvarleg og har tilvisingsfullmakt til rådet sitt budsjett, samt prosjektrekneskap som kjem inn under fylkesrådet sitt budsjettområde.

Rådet er eit frittståande organ og fylkessekretæren er difor fagleg ansvarleg ovafor leiaren i fylkesrådet. Personaladministrasjon for fylkessekretæren er lagt til fylkesrådmannen.

Arbeid i meldingsåret:

Fylkesrådet har hatt 3 møter og eit telefonmøte i 2011 og handsama 12 sakar. Rådet har også delteke på Landskonferansen for fylkesråda for funksjonshemma som vart arrangert av Nord-Trøndelag fylkeskommune.

Synfaring:

Fylkesrådet har vore på synfaring på den nye Sogndal vidaregåande skule. Her fekk fylkesrådet god orintering av bygge- og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund og arkitekt Per Navarsete. Det var lagt vekt på at bygget skulle vera universelt utforma både for rørsle, høyrsel, syn og andre funksjonshemmingar. Rådet var nøgd med orinteringa og synfaringa, men hadde likevel ein kommentar. Rådet fann at spes.ped.avdelinga er lagt utanfor det andre fellesskapet på skulen, noko rådet ikkje er samd med. Sosialt fellesskap for alle er viktig og spesielt viktig for unge med ulike funksjonshemmingar.

Saker som rådet har sett søkelys på:

Nasjonal helse og omsorgsplan:

Nasjonal helse og omsorgsplan, ny folkehelselov og ny kommunal helse og omsorgslov.

Ny folkehelselov og ny kommunale helse og omsorgslov kjem til erstatning for bl.a kommunehelsetenestelova og sosialtenestelova. Rettane til den enkelte skal forankrast i pasientrettighetslova. Det er viktig at lovverket vert samordna også med den vektekne diskriminerings og tilgjengelova der både pasientar og andre brukarar vert ivaretakne. Sjølvsagt kan funksjonshemma bli sjuke som alle andre, men ein må ikkje gjere funksjonshemma til pasientar for dei treng praktisk bistand frå kommunen.

Fylkesrådet for funksjonshemma støttar i grove trekk uttalen til fylkesrådmannen sitt forslag til uttale frå Fylkestinget i Sogn og Fjordane, med desse tillegga, og vil særleg understreke viktigeita av **brukarmedverknad i alle ledd, for å få til gode og målretta tenester for alle.**

Trygggleik:

FFF vil streke under at **nærleik** til tenestene er svært viktig og at institusjonane under spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane er viktige for **trygggleik, velferd og helse**. Samstundes som dei er viktige samfunnsaktørar for arbeidsplassar, busetnad og kompetanse. Fylkesrådet vil peike på behovet for at nasjonal helse og omsorgsplan avklarar kva tenester som skal vere på eit lokalsjukehus.

Det må takast særskilt omsyn til **avstand**.

Arbeid og helse:

Mange menneske med nedsett funksjonsevne står utanfor arbeidslivet sjølv om dei har stor arbeidsevne. Dette er eit tap både for den enkelte og for samfunnet. Ei pålagt tilrettelegging og kvotering, minst 5 % kan bøte på dette.

Ernæring:

Spesialisthelsetenesta- og kommunehelsetenesta skal sikre at ernæring blir ein integrert del av behandlingstilbodet i helse og omsorgssektoren, og bidra til at helsepersonell i tenesta får opplæring om ernæring.

Rus, psykiatri, geriatri:

Ressurstildelinga må gje rom for at Sogn og Fjordane får del i den opptrappinga som er vedteken innan rus, psykiatri og geriatri. Til dømes må det sikrast midlar til den ferdigbygde rusposten på Eid.

Opplæring:

Sentralsjukehuset og lokalsjukehusa har viktige opplærings- og hospiteringsfunksjonar for helsepersonell. Dagens desentraliserte sjukehustilbod er såleis avgjerande for framtidig rekruttering til kommunane.

Budsjett – arbeidsdokument 4:

Samferdsle:

Fylkesrådet for funksjonshemma seier seg glad for at Sognebåten no er komen med att i budsjettet. Sognebåten er det einaste transportmidlet som er universelt utforma.

Serviceskyssen er ei god ordning i kommunane som har fått tilgang til dette tilbodet. Fylkesrådet for funksjonshemma ber om at dette tilbodet vert utvida til å gjelde fleire kommunar.

Deltaking i råd og utval og konferansar:

- Landskonferansen for fylkesråda for funksjonshemma i Stjørdal 11. – 13. mai 2011.
 - o Margreta Nexelsaker
 - o Solfrid Lillebø
- Nettverkssamling for fylkessekretærar/rådgjevarar vart arrangert på Gjøvik.
 - o Britt Marie Norheim
- Universell utforming i transportsektoren – oppdatering av Nasjonal Transportplan på Lillehamar 5. og 6. september 2011.
 - o Margreta Nexelsaker
- Folkehelsedagane på Skei.
 - o Margreta Nexelsaker
 - o Britt Marie Norheim



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 61 01
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framside: I Vikane i Sogndal.
Foto: Asbjørn Ness/Sogn og Fjordane
fylkeskommune